



Sigurd Børve og Jostein Hauso er alt i gang med byggjearbeidet til Hopp i havet.

Lørdag er det klart for Damevennene sin populære og årvise aktivetsdag i båthamna. Før den tid er dett mykje førebuing- og klarjeringarbeid som må gjerast. Tirsdag kveld hadde komitèen møte, og då eg snakkar med Klara Bakke etter det, verkar det absolutt som om Damevennene har full kontroll!

Då eg var ein kjapp tur nedom båthamna onsdag føremiddag i 11-tida, var alt byggjearbeidet til rampen som vert brukt under Hopp i havet, i gang. Sigurd Børve og Jostein Hauso rekna med at mesteparten av dagen ville verta brukt til tranportering av materiale og utstyr, og bygging. - Ja, vi får jo eit avbrot for vi må jo vera med på Sommarfesten på skulen, seier dei to aktive fedrene.

Det er også mykje anna som skal gjerast klart. Klara Bakke seier at det vert stor aktivitet fredag, - både på dagtid og om kvelden.

Mykje arbeid vert lagt ned, men så vert og resultatet kvart år ein fantastisk familiedag!!

Av: Thor Inge Døssland.